

Har du lyst på besøk av

- bokbussen?



Bokbussen er fylt med mange bøker, spesielt er det satsa på bøker for barn og unge. Det er både forteljingar og fakta-bøker, lydbøker, lettlestbøker, teikneseriar, dikt og bilet-bøker. Bussen besøker i dag fem kommunar, og tar turen rundt til stoppestadane sine - mange av dei skular - åtte gongar i året.

Korleis kan de få besøk av bokbussen?

Ta kontakt med Sogn og Fjordane fylkesbibliotek, så kan vi sjå korleis vi kan ordne bokbusstilbod til din skule eller barnehage. Eitt stopp á 1 time kostar 1315,- pr gong. Stopp kan vere både kortare og lengre.

- bokbåten?



Bokbåten er vestlandet sitt flytande bibliotek. To gongar i året, i oktober/november og februar/mars legg den ut frå Førde for å reise fylket rundt med bøker. Bokbåten er innom 13 kommunar og besøker nesten 40 stader på kvar reise.

På kvar tur har bokbåten med rundt 6000 bøker av alle slag, som ein kan låne til neste gong båten kjem. Det er også med eit kulturprogram på turen, spesielt retta mot barn, som teater, musikk, gjøgling eller forteljing.

Korleis kan de få besøk av bokbåten?

Sjø og kai er ei forutsetning ☺ Ta kontakt med Sogn og Fjordane fylkesbibliotek, så kan vi sjå korleis vi kan ordne bokbåtstopp hos dykk. Eitt stopp for bokutlån kostar 1300,- pr time. I tillegg kan ein velje å ha kulturprogram, som også kostar 1315,- pr time.

Kontakt:

Sogn og Fjordane fylkesbibliotek,
Førdehuset, 6800 Førde
Tlf 57 72 18 80, e-post: admin@sf.fylkesbibl.no

Bokbussansvarleg: Robert Haugen, tlf 57 72 18 89, e-post robert.haugen@sf-f.kommune.no
Bokbåtansvarleg: Ingrid Dræge, tlf 57 72 18 86, e-post ingrid.drage@sf-f.kommune.no